Vestmannen.

Nr. 4 Bergen 20. mai 1990 6. årgang

Nordmannen

I «Lauvduskar II» (1868) og sume andre stader finn me **Nordmannen** med det tridje og dei tvo siste versi nedanfor, i alt 8 vers. Ein lesar bad oss prenta dei. «Symra» (3. utg. 1975) hadde med dei 5 andre versi, og det er dei versi som er mest kjende og mest velsungne. Aasen-diktet hev vorte kalla Noregs ukåra nasjonalsong.

Millom bakkar og berg ut med havet
heve nordmannen fenget sin heim;
der han sjølv heve tufterna gravet,
og sett sjølv sine hus uppå deim.

Han såg ut på dei steinutte strender,
det var ingen som der hadde bygt;
«Lat oss rydja og byggja oss grender,
og so eiga me rudningen trygt».

Kring um dalen stod fjelli som grindar,
men um bergi var grasgrøne band;
der han gjekk millom heidar og tindar,
og der såg han so vidt yver land.

Han såg ut på det bårutte havet;
der var ruskutt å leggja utpå;
men der leikade fisk ned i kavet,
og den leiken den vilde han sjå.

Fram på vetteren stundom han tenkte:
giv eg var i eit varmare land!
Men når vårsol i bakkarne blenkte,
fekk han hug til si heimlege strand.

Og når liderna grønka som hagar,
når det laver av blomar på strå,
og når næter er ljose som dagar,
kann han ingenstad venare sjå.

Sud um havet han stundom laut skrida,
der var rikdom på benkjer og bord,
men umkring såg han trældomen kvida,
og so vende han atter mot nord.

Lat no andre um storleiken kivast,
lat deim bragla med rikdom og høgd;
millom kaksar eg inkje kann trivast,
millom jamningar helst er eg nøgd.

Ivar Aasen

Utetlingar av Halldor O. Opedal's fond

Styret for Halldor O. Opedal's fond hev i år etla ut 20.000 kronor til desse:

Johannes Heggland
Per Håland
Ludvig Jerdal
Jostein Krokvik
Eigil Lehmann
Magne Rommetveit

Utbetalingane av dette slaget skal etter fondsfyresegnene gjerast kvart 4. år. I paragraf 1 i fyresegnene heiter det um fyremålet: «Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil, skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Eg viser til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulle det verta tvilsmål um tolking av dette, syner eg til mitt brev: «Mitt syn på norsk målreising - nokre tankar».

Målfridom i lærebøker på universitetets/høgskule-plan Målblandarane svarar målstudentane

For noko sidan sende Studentmållaget i Oslo ei sterk og velgrunna fråsegn mot rotut blandingsmål og slurvut målføring i pensumbøkene i fonetikk og språkvitskap på Universitetet i Oslo. No hev målblandarane Arne Torp og Rolf Theil Endresen sendt svar til målstudentane med kopi m.a. til Vestmannen. Dei tvo er noverande og tidlegare formann i Landslaget for Språkleg Samling, og Endresen hev skrive lærebokbolkane som var framdregne i utsegni frå målstudentane.

Svaret på 14 sidor høyrer ikkje heime i Vestmannen. Me tykkjer det stykkevis er eit usakleg åtak på målstudentar og andre norskmålsfolk. Me minner um at lingvistiske lærebøker ikkje er meir freda vilt enn andre bøker.

Torp hev til sluttsum eit herme um at «dårleg nynorsk er betre enn godt bokmål». Takhøgdi syner Endresen i ei setning um dei «som meiner Aasen var Gud og Indrebø var Jesus». Annan stad er det tale um «borgarlege målfolk, riksmålsfolk og andre elitedyrkarar». Kva som måtte skilja «borgarlege målfolk» frå «ikkje-borgarlege målfolk» vert ikkje upplyst - truleg av di skiljet i målsamanheng er fiktivt. For eigi rekning legg me til at det er større språkleg fråstand millom **røynlege målfolk** og riksmålsfolk enn millom riksmålsfolk og målblandarar.

Saksupplysande er ein merknad um at skrivemåtane **heit/het** ikkje er ihoprota i pensumbøkene med vilje; det er korrekturslurv (men kven kunde vita nett dét?). Det vert etterlyst norsk avløysarord for **henholdsvis (respektive),** og sidan i **same fylgd** vert kalla «anstrengt», dreg me fram at sume hev bruka ordet **motsvarande;** i andre høve kann ordet ofte med gagn utelatast. Det trengst lite klårsyn for å sjå at lingvistblandingsmålet gjev tyngd til åtaki mot skriftleg sidemål. Men i svaret finn me ingen slike eller andre lærdomar røtte i målsoga eller den statlege målblandingssoga.

Torp & Endresen hevdar at lærebøker på universitet og høgskular ikkje er bundne av offentlege målreglar. Me trur dette er rett; me veit ikkje um lovreglar eller fyresegner som talar i motsett leid. Lærebokforfattarar for universitet og høgskular stend språkleg fritt.

Alle målfolk må merka seg dette, ikkje minst målstudentar. Serleg dei som no eller i framtidi måtte ha tankar um å skriva lærebøker på høgskule/universitets-plan. Bruk so godt og tradisjonelt mål som du maktar. Kast alle målblandingsformene som hev vorte inntvinga i skulemålet frå 1938 av. Skriv norsk. Skriv mynstergod norsk!

J. Kr.

Målsans og gongetabell

Arnulf Øverland skreiv ein stad at målet stundom gjeng sine eigne vegar. Det høver ikkje alltid til logiske formlar og kann ikkje mælast med matematiske mål. Um Øverland kanskje skreiv både vist og gale um målet, både sant og usant, so høyrer tankane ovanfor til dei vislege og sanne.

Sume gjæve målfolk er kanskje noko tvilande til ein segjemåte som **finna ut.** Segjemåten er kjend og bruka av kvart menneske yver alt landet, endå um det ikkje hev laga seg noko namnord til segjemåten - **utfinning** vilde (enno?) vera både tilgjord og unaturleg. Kanskje hev **finna ut** laga seg samsvar med **sjå ut,** som lett og naturleg nok dreg med seg namnordet **utsjånad.** Men denne samsvarstanken er rein gissing.

Severin Eskeland hadde fin målsans. I «Reglar og rettleidingar i norsk målbruk» skreiv han um nett dette (6. upplaget): «Mange skriv **finna** der ein etter norsk taleskikk skulle seia **finna ut: Når ein veit kor mykje ein ting veg i lufti, og kor mykje han veg i vatn, kan ein finna kor stor romfang han har.** Høyr kor mykje norskare dåm det får når du seier **finna ut** her, i staden for «finna».

Jarl

Eit ukjent bladstykke av Aasmund Vinje



Ein skulde tru at slik som professorane Olav Midttun og Reidar Djupedal hev finkjemt norsk presse, at alt som den trottuge og geniale Aasmund Olavson Vinje fekk på prent, er kome for dagen.

Men nei, enno finst det meir å finna. I Agder Historielag Årsskrift nr. 65, som kom no til jol, hev lærar **John Møll** ein forvitneleg artikkel: «Da den høiere almueskole for Lister og Mandals amt ble opprettet. A. O. Vinje og Søren Jaabæk var initiativtakerne.»

I tilhøve 250-årsminnet for folkeskulen hev denne årboki teke fyre seg soga um ymse skuleslag i Aust Agder. I 1845 gjorde Stortinget vedtak um å setja i gang høgare ålmennskular. Ein av dei mest ihuga attum det vedtaket var **Søren Jaabæk** som nett kom inn på Tinget det året. Fyrr det kom so langt, hadde han dryfta ideen med ein 27 år ung seminarist, **Aasmund Olsen,** i Mandal, - han som seinare tok etternamnet **Vinje.** Dei tvo var samde um at skuleverket på bygdene måtte byggjast ut og gjerast mykje betre. Skikkelege skulehus måtte krinsane få, og staten laut yta dugelege pengesummar. Lærarlønene som til den tid hadde vore ein slikk og ingenting, frå 10 riksdalar året, kost og losji og stundom fritak for militærtenesta - til 20-30 dalar i andre bygder. Sume stader var lærarløni 1 skilling for kvart barn dei lærde lesa, og 2 skilling for dei som lærde skriva og rekna. Ingen ting for dei fatige. Kring 1800 var det stor naud, og frå Feda fekk styresmaktene melding um at der visste dei ikkje si arme råd korleis dei skulde skrapa saman 5-6 riksdalar til skulen.

Stoda i 1845 for ein ny framstøyt i skuleverket, var ikkje god. Men Jaabæk og Vinje arbeidde trufast saman, Vinje skreiv vel gjenomtenkte artiklar i «Lister og Mandals Antstidende, Blad for Mandal, Farsund og Flekkefjord med Omegn». - Og no kjem den vesle sensasjonen: I boki «A. O. Vinje Brev» (1969) skriv Midttun at det finst berre 4-5 nummer att av dette bladet frå 1843 til 1851. Men so ein dag finn lokalhistorikaren på Stadsarkivet i Kristiansand ein pakke frå Jaabæk med framlegget um høgare skule, og der hadde han lagt ved Vinjes artikkel i nemnde Amtstidende nr. 4 onsdagen den 14de Januar 1846, - til denne tid: **Vinjes eldste kjende avisartikkel.**

Artikkelen er som sagt både lang og grundig. Årboki prentar av byrjingi, som tek til slik:

Forslag til Oprettelse af et Hjælpeseminarium her i Amtet.

Af A. Olsen

Til side 3

Vestmannen.

Vestmannen kjem til vanleg ein gong i månaden.

Bladpenger kr. 100,- for året.

Kan tingast på alle poststader og beinast frå «Vestmannen», Helge Liland,

5065 Blomsterdalen.

Postgiro: 4 25 63 92,
Bankgiro: 8401.21.43027

Utgjevar:
Vestmannalaget,
5000 Bergen,
Telefon (05) 31 79 29/31 31 16.

Bladstyrar:
Jostein Krokvik,
6143 Fiskåbygd
Telefon (070) 21 429

Forretningsførar:
Helge Liland,
5065 Blomsterdalen,
Telefon (05) 22 67 00

Sats/trykk:
Sigurd Olsen Boktrykkeri, Bergen

Gåveliste for Vestmannen

Conrad Clausen, Ask, 200 - Per Lofthus, Lofthus, 50 - Knut Rysstad, Kristiansand, 200 - Marta Tryti, Olsvik, 25 - Per K. Mardal, Sandane, 50 - Eng. Eikeland, Minde, 100 - Bjarne Rabben, Moldtustranda, 25 - Olga Vatnamot, Sirevåg, 100 - Gustav Hidle, Nord Hidle, 100 - Magne Myhren, Oslo, 100 - Ingolf Kvamen, Haslum, 100 - Ole Gilje Dale, Skien, 100 - Knut Rysstad, Kristiansand, 200 - Helga og Lars Mehl, Rosendal, 100 - Knut K. Homme, Valle, 100.

I alt kr. 1550,-

Me takkar gjevarane
VESTMANNEN
Helge Liland
5065 Blomsterdalen
Bankgiro: 8401.21.43027
Postgiro: 4 25 63 92

Misnøgjet med skriftleg norskupplæring

Motstand mot sidemålsupplæringi hev jamleg loga upp etter krigen. Ordet sidemålsupplæring vert bruka av tildekkjande grunnar, for i røyndi hev det alltid vore utfall mot det norskrøtte nasjonalmålet.

Me medgjev at misnøgjet med upplæring i tvo offisielle mål hev fenge eit visst sakleg grunnlag etter at det norskrøtte målet med offentleg hjelp hev vorte so nednorska at skilnaden på skulemåli stundom vert nærast mikroskopisk. Dette er frukt av ein statleg målideologi som vilde øydeleggja båe dei tvo skriftmåli, men som berre greidde gjera skadeverk mot det eine.

Bak misnøgjet ligg dessutan ein annan grunn som er lettsynleg og lettskynleg. Når evnerike elevar hev vanskar med med skulenynorsk, treng det ikkje vera elevane å takka. Det kann vera skulenynorsken.

Vestmennene sette tidleg fram det kravet at ingen elev skulde få karakternedsetjande «feil» so lenge han bruka former/skrivemåtar som nokon gong hev vore ålment godkjende. Vestmennene ynskte med andre ord ei vidgåande liberalisering i norsk leid. Um dette kravet vert stetta, trur me ein god part av grunnlaget for misnøgje med sidemålsupplæringi fell burt. Ein slepp den kroniske plaga med ordlistemålet som bokmålet vart kvitt med liberaliseringsvedtaket i 1972. At liberaliseringskravet dessutan er eit målnasjonalt jamstellingskrav, let me liggja her, men frå vår synsstad sét gjer det ikkje saki veikare.

Sagt med daggjengelege ord, ynskjer me **norskspråkleg glasnost.**

Jamvel med norskspråkleg **glasnost** må dugande norsklærarar framleis rettleida i fylgjestreng målbruk, slik at dei til dømes helst ikkje skriv «lei» og «leid» i same stykke/stil. Men skulde elevane blanda slike former, bør heller ikkje dét telja ned. For slikt segjer lite um norskdugleiken til elevane; derimot segjer det mykje um offentleg vanrøkt og skamstell av norskmålet gjenom ein lang bolk av vårt hundradår.

Ein treng ikkje mykje klårsyn for å sjå at misnøgjet med norskmålsskipnaden i skulen og andre stader kjem til å halda fram. I rykk og napp. For som me hev freista peika på, hev ikkje misnøgjet berre usaklege grunnar. Norskglasnost vilde taka burt noko av den språklege slagkrafti i sverdhoggi, og skulemålet vilde samstundes verta lettare både for elevar og lærarar. Det er ofte stor skilnad på å læra norsk og å pugga kunstige reglar i offentleg petimetermål (siste språkrådskremt i so måte kom i 1987).

Elles er det vår meining at saman med norskglasnost trengst parallellutgåvor av sume grunnleggjande norskbøker.

J. Kr.

Det lid

kjenner på kroppen
kvar Tellus er komen
i snuen

det gjev meg syn
av blomar og gras

treng ikkje sjå på
gråe snjoen her
og gremjast

um her er myrkt
og meint
og svarte skyer fer

veit eg beint
kvar soli er

Gunnar Gilberg

Landsmøtet i NMU

Norsk Målungdom heldt landsmøtet 1990 i Knarvik 14. til 16. mars. Målungdomslaget Allær Redd stod for den praktiske tilstellingi, og laget hev fenge ros for upplegget sitt. Aengus O'Snodaigh frå Eire og professor Mikhail Lemesjev frå Moskva heldt fyredrag um nasjonalspursmål i kvart sitt land. Professor Dag Seierstad tala um nasjonale livsvilkår i Vest-Europa. Det hev vore ymta um etterpå at i sjølve lagsdryftingane dreiv observatørar frå Noregs Mållag nærast med møteplaging.

I landsstyret for NMU sit no:

Bård Eskeland (leidar); Karl Bjørnsvik (varaleidar); Dag Hagen Berg (øk. andsvarleg); Sjur N. Moshagen; Åsmund Ormset; Yngve Skjævеland; Knut Lekvam; Bodil Haug; Inger H. Midtgård; Remi Moen; Fride Elgsæther; Ingar Arnøy; Lisa Røgeberg.

I sentralstyret sit leidaren, varaleidaren, øk. andsvarleg saman med desse medlemene: Morten Søberg; Holger Lockertsen; Tomas Tangen; Øyvind Seland; Hege Gagnat; Eldfrid Rongevær; Arne Mikalsen; Jo Lundsbakken.

Eit ukjent bladstykke

Frå side 2

Det er et glædeligt Tidens Tegn, at Erkjendelsen af Kundskabens Værd og dermed Trangen efter større Udvikling mere og mere gjennemtrænge Kjærnen af Landets Børn - Bondestanden. Denne ædle Stræben maa med Nødvendighed give Folkelivet et Stød fremad, naar man betænker, at den ikke er et flygtigt Ønske, men en af den efter Klarhed altid higende Aand fremkaldt høi Retning.

- - Aasmund Vinje, som skreiv seg A. Olsen den tid, meinte at lærarstandet hadde for spinkelt kunnskaps grunnlag til å kunna stetta dei krav samtidi sette. Dette visste han av sin eigen røyndom, skreiv han i artikkelen.

Conrad Clausen

Conrad Clausen riddar av Islands Falkeorden

Conrad Clausen med riddarkrossen og heidersbrevet, ved sida han stend konsul Arne Holm.

Forseti Islands hev utnemnt Conrad Clausen, Askøy i Hordaland til Riddar av Islands Falk. Riddarkrossen og heidersbrevet vart gjevne til Clausen på det sams årsmøtet som Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet heldt i Gimle i Bergen no i mai. Det var Islands konsul i Bergen, banksjef Arne Holm, som ogso er stjornarmann i Vestmannalaget, som bar heideren fram. I talen sin skildra Holm korleis Conrad Clausen i eit langt liv hev vore ein allsidig kulturarbeidar. Han hev vore lærar, redaktør av blad og årbøker, forfattar, historikar, organisasjonsmann. For målreisingi på norrøn grunn er han millom våre fremste.

Conrad Clausen takka med ein tale der han drog seg til minnes store stunder han hev havt på Island, m.a. på det sogerike Mødruvøllir. Og på Island hadde han òg møtt Forseti Vigdis Finnbogadòttir. Han sende helsing med konsulen til presidenten og til Islands ambassadør i Noreg, Haraldur Krøyer.

Etter dette reiste lyden seg og song Islands tjodsong, og so kom formannen i Vestlandske Mållag, Ludv. Jerdal, med ei blomekorg frå fire samskipnader som hev mykje å takka Conrad Clausen for: Vestmannalaget, Vestlandske Mållag, Norsk Bokreidingslag og Ivar Aasen-sambandet. Ei hyggjeleg bordseta var skipa til i samband med denne heidringi, som vart høgdepunktet i dei tvo årsmøti.

Soknеprest Svein Kvamsdal formann i Vestlandske Mållag

På årsmøter i Vestlandske Mållag som vart halde i Gimle i Bergen sa journalist Ludv. Jerdal ifrå seg attval. Han hev vore formann i tvo bolkar, i alt 17 år, og fyre den tid var han varaformann i 6 år. Ny formann vart soknеprest Svein E. Kvamsdal, Ullensvang i Hardanger. Han vart vald samrøystes.

I styret kom 2 nye: Torolv Hustad, Nesttun og Ingebjørg Gilberg, Minde, Bergen. Den sistnemnde vart vald samrøystes, medan det var skriftleg røysting på den fyrstnemnde. Sigurd Sandvik, Halsnøy Kloster hev site i fylkesstyret i 42 år, han hadde no sagt ifrå seg attval, men det kom framlegg um han. Ved valet fekk Torolv Hustad dobbelt so mange røyster som Sandvik og var dermed vald. Attvalde elles vart Ellen Vabø, Fyllingsdalen og Liv Bu Nyborg, Kysnesstrand. Att fyrr stend Helga E. Mehl, Rosendal og Ingjald Bolstad, Voss. Til arbeidsutval innan styret vart valde formannen Svein E. Kvamsdal, Ellen Vabø og Helga E. Mehl. Varamenn til styret vart Alv Askeland, Eigil Lehmann, Haldor Slettebø, Olav Bakken, Jon Askeland, Oskar Telnes og Conrad Clausen. Ettersynsmenn vart Olav Eik og Jørgen Markhus.

Bladstyrar og forfattar Jostein Krokvik heldt eit forvitneleg fyredrag um det lovnadsrike for framtidsmålet i det at Norsk Målungdom arbeider idugt og med store kunnskapar for klassisk norsk, og tek uppgjerdet med Noregs Mållag. Og årsmøtet vedtok nokre fyreteljingar, saman med Ivar Aasen-sambandet.

Ved opningi av årsmøti heldt formannen i Vestlandske Mållag minnetalor yver bonde Gustav Hidle, gartnar Tidemann Kjærheim, diktaren og skogbruksmannen Olav Vik, lensmann Styrk Fjærtoft, og dei tri meisterspelemennene Anders Kjerland, Sigbjørn Bernhoft Osa og Torleiv H. Bjørgum.

Aasen-sambandet

valde uppatt universitetslektor Jon Askeland, Bergen til formann. I styret vart attvalde Toralv Bergwitz, Arendal og Helge Liland, Blomsterdalen. Att frå fyrr stod Sigurd Sandvik og Gunnar Gilberg. Torolv Hustad vart vald til kassastyrar.

Dei tvo samskipnadene vedtok ei fyreteljing til Det Norske Bibelselskap um å syta fyre at nynorskbibelen frå 1938 vert framboden til sal, det er den Bibelen som hev klassisk norsk. Til Norsk Språkråd vart sendt ei fyreteljing um at Ivar Aasen-sambandet må få ein målsmann i Språkrådet.

I samband med dette årsmøtet bar formannen Jon Askeland fram heidersprisen frå Halldor O. Opedals fond til bladmennene Ludvig Jerdal og Jostein Krokvik.

Årsmøtet i Vestlandske Mållag løyvde ei gåva på kr. 10.000,- til Norsk Bokreidingslag og kr. 10.000,- til bladet «Vestmannen».

Klassisk norsk i stavkyrkja
Politimeister på kyrkjebakken

Med stavkyrkja til bakgrunn les politimeister Oskar Hordnes offisielle kunngjeringar. Ved sida hans ser me presten Alv Askeland, og attum han stend konservator Tryggve Fett og lyrikaren Gunnar Gilberg og Ingebjørg Gilberg.

Den gamle skipnaden med offentlege kunngjeringar på kyrkjebakken vart teken uppatt no sundag 20. mai då Vestmannalaget hadde skipa høgmessa i Fantoft gamle stavkyrkja i Fana. Tilstrøymingi var stor i det fine sumarveret, mange stod eller sat på midtgolvet, eller lydde messa gjenom døri. Og etter messa steig politimeisteren i Bergen, Oskar Hordnes, fram på kyrkjebakken, i politimeisteruniform frå 1793 (i politimeister Rulf Olses tid) og med små wergelandske brillor. Han las offisielle kunngjeringar. Dei gjekk på nytt stort oljefunn utanfor Herdla, rikt gullfunn i Gullfjellet i Bergen, smaleauksjon på Voss, revisjon av gatebruksplanen for Bergen, og endeleg at Gulen herad i Sogn og Fjordane er lagt til Hordaland, so fleire derifrå kan få arbeida på Mongstad.

9 spelemenn frå «Fjellbekken» i nasjonalbunad stilte på haugen ved kyrkja og spela norske slåttar og tonestykke. Millom spelemennene var ogso 91-åringen Halvor Sørsdal.

Høgmessa i Fantoft stavkyrkja vart ei møte med gamle tider. Fyrst fortalde fyrstekonservator Tryggve Fett um stavkyrkja som er frå millomalderen og vart flutt frå Fortun i Sogn då dei bygde ny og større kyrkja der. I denne kyrkja stod dei og lydde messa i kalde vintersundagar, utan uppvarming, og på eit mål som dei ikkje skyna. Dette er eit kyrkjehus som i utforming og tradisjon talar sterkt ogso til vår tid.

Spelemennene Oddmund Dale og Finn Vabø spela til preludium på hardingfela «Hornindalsbruri», komponert av Jon Rosenlid, og ein bruremars frå Gudbrandsdal. Deretter yvertok organist Sigmund Skage på orgelet, salmesongen lydde mektig, den gamle liturgien på Aasen-mål vart nytta, og den tidlegare Tysnespresten og prosten i Sunnhordland, Alv Askeland, heldt ei varm og sterk preika um bøn, ut frå dagsens tekst i Matt. 6,5-13. Askeland er måldyrkar, og her fekk lyden ei fullverdig prøva på klassisk norsk. Formannen i Vestmannalaget, Ludv. Jerdal, var klokkar og las inngangsbøn og utgangsbøn. Messa vart òg ei sterk påminning um kva skatt me hadde i den gamle kyrkjeliturgien og det gamle målet.

Conrad Clausen til minne

Conrad Clausen, Askøy døydde på Haukeland Sykehus no sundag kveld. Han var fødd i 1902 og vart 87 1/2 år. Tidlegare i denne månaden var han med på årsmøtet i Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet der han vart heidra med den islendske Falkeorden. Og jamvel um helsa hans ikkje var god i dei siste månader, var han i aktivt arbeid heime med sine mange litterære uppdrag.

Det kan trygt segjast at med Conrad Clausen er ein institusjon burte. Han var ein idegjevar av dei sjeldsynte, ein kulturmann som tok på seg krevjande uppgåvor, han sparde seg aldri, og han gjorde stort verk utan tanke på løn for strevet.

Han var fødd i Tacoma, og der hadde han sine fyrste skuleår, saman med indianargutar. Men foreldri hans var ifrå Askøy, og dei vende heim att då sonen var i 6-7 års alderen. Og her heime gjekk han Elverum Lærarskule der han tok eksamen i 1925. Heile si lærartid fekk han i heimbygdi Askøy, men i dei fyrste åri etter eksamen var det yverskot av lærarar, so han var journalist og litterat i nokre år. Og i si lange lærartid var han både lærar, redaktør, forfattar, organisasjonsmann.

Fyrr heideren frå Islands president kom no var han heidra på mange vis. Han var heiderslagsmann i Noregs Fredslag, i Vestmannalaget og i Vestlandske Mållag. Han hadde fenge kulturpris frå Askøy herad, honnørpris frå Halldor O. Opedals fond for målreising og måldyrking, og han hadde Kongens fortenstmedalje i gull.

Clausen var ei tid redaktør av det litterære tidsskriftet «Ung-Norig», saman med Olaf Hanssen. Og dei tvo var med i den Nygardsringen som fekk heile folket til å skyna kor stor ein skald Olav Nygard var. Ringen fekk reist minnesteinen i Modalen, og Clausen sytte for utgjeving av bøkene «Runor rita minnet Olav Nygards», «Døyande gallar» og «Olav Nygard og Petra Krøvel». Seinare var han med på å reisa Håkonarminnet på Seim, og minnesteinen for forfattaren Ragnvald Vaage. Han redigerte eit stort festskrift um spelemannen Arne Bjørndal, og han var med og skreiv den store soga um Vestmannalaget då laget fylte 110 år. I mange år var han redaktør av «Verden Venter», og heilt ifrå 1948 og til no han gjekk burt hev han vore redaktør av den framifrå gode årboki «Frå Fjon til Fusa» som Nord- og Midhordland Sogelag gjev ut. Han var og formann i dette sogelaget frå 1950 og til 1984.

I ei årrekkja var han formann i det eksklusive Norrønalaget Bragr, og han styrde med utgjeving av dei sjeldsynte Bragr-bøkene. I nærpå 30 år var han redaktør av bladet Askøy Tidend, han sat i styret for Norsk Bokreidingslag og var ein verdfull litterær rådgjevar der. I Vestmannalaget var han varaformann frå 1980 og til no då han gjekk burt.

Han hadde skrive Bygdebok for Askøy, ei skrift um lensmennene i Hordaland, og han redigerte den minneboki um Olav Nygard som Norsk Bokreidingslag sende ut i 1984. Der hadde Clausen samla Olav Nygards dikt, og han hadde skrive det fine etterordet som hev titelen «Olav Nygard, Liv og lagnad».

Conrad Clausen var ein framifrå god talar og kåsør. Han hadde mange fyredrag og kåseri i Kringkastingi. Og han var ein fredsæl og venesæl mann, og ein framifrå god kjøkemeistar. Han var den mest iderike personlegdomen eg hev møtt. Og han var uvanleg kunnskapsrik, og ein boksamlar av dei sjeldsynte.

Presten og skalden Eigil Lehmann skreiv dette verset for noko sidan, det hadde titelen «Ei æra», og det er ei hylling til Conrad Clausen som i røyndi segjer alt um kven mannen var:

«Han ringdi meg, Conrad Clausen,
eg kennir dad rett sum ei æra -
d'er landid og sogo sum kallar meg -
dad kann ikki likari vera».

Ludv. Jerdal

Ivar Grimstad med sterk roman



Ivar Grimstad:
Sigrids saga II. Nytt skip.
Samlaget 1989.

«Nytt skip» er eit frittståande framhald av forteljinga um unggjenta Sigrid Pollen frå helgelandskysten. Fyrste bandet, «Sigrids saga I», skildrar korleis Sigrid vert ugift mor og må kjempa seg fram gjennom harde kår for eit leveleg liv for seg sjølv, sonen Ivar og for dei gamle foreldra til han som sveik henne. I dei tidene kunne ein slik lagnad verta umenneskeleg tung.

Sigrid var ei svært arbeidsam kvinne. Ho tok bygdepraten med ro, og ho stridde for at sonen skulle få veksa opp hjå henne. Den striden greidde ho. I «Sigrids saga II» byrjar sonen Ivar på lærarskulen. Skuleåret er 1939/40. Krigen kjem, men om hendingane på mange måtar vert lagnadstunge, er her ljosare tonar med humor, song og forelsking. Romanversjonen av krigen nordpå er slik at alt vert truande for ein bokmeldar som sjølv var med i felttoget i Valdres.

Ivar får seg kjærast, men okkupasjonen syter for at lærarskulen vert nedlagd. Kjærasten til Ivar lyt saman med andre reisa søretter til heimstaden, og -. Ja, som vi veit rann frigjeringssola den 8. mai 1945.

Eg vil setja «Sigrids saga II» like høgt som den fyrste romanen i serien. Det er bøker som for meg kjem i same klasse som bøkene til Johannes Heggland, t.d. «Guds husfolk» som kom siste haust. Det ligg nær å samanlikna romanane til Grimstad og Heggland, og romanane deira er det eg set høgst i bokhausten 1990. Båe forfattarane merkjer seg ut med sermerkt god målbruk.

Anders O. Klakegg

I bladet «Stille Stunder» fann me denne rosande meldingi av salmesamlingi «Kyrkjeljod» som Alv Askeland gav ut på Norsk Bokreidingslag i 1988:

Ei mykje fin diktsamling

For ei tid sidan kom det ut ei salmesamling som eg las med stor glede og takksemd. Det var samlinga «Kyrkjeljod» av den kjende sunnhordlandsprosten Alv Askeland. Mykje har det undra meg at denne boka ikkje har vorte meire omtala. For det er ei fin samling av originaldikt og umsettingar av kjende og kjære salmar og kristelege songar. Sume av originaldikta, som «Vintreet», «Du Jesus stend ved altarbord» og fleire andre, er salmar som eg tykkjer vel kunne ha plass i ei salmebok. Og omdiktingane har funne både ordval og rytme som svarar godt til originalen. Språket er eit kraftfullt og poetisk nynorsk, i salmestilen med eit konservativt preg.

Dikta høver mykje godt til opplesing i lyd og lag, men ikkje mindre til eigen oppbygging. Du vert glad i boka og glad for boka. Tak og les!

Thor With

Storfeldt målstudent-rådleggjing i Nidaros

Målstudentane hausta gode røynslor med studentkonferansen sin i Nidaros i 1989, og dei skipa til ei endå meir storstila mynstring helgi 30. mars - 1. april 1990. Studentmållaget i Nidaros samarbeidde med NMU sentralt um tilskipingi. Hovudemnet på konferansen var «Det nasjonale spursmålet», og det var innleidingar um europeisk soga, den nasjonale stoda i Aust- og Vest-Europa, EEC - og norsk målreising.

Øyvind Østerud, professor i statsvitskap, greidde ut um korleis det nasjonale hev vore sterkaste mobiliseringskrafti seinaste 200 åri, men samstundes hevda han at den vestlege verdi aldri hev vore so «avnasjonalisera» som no sidan nasjonane voks fram.

Sogeprofessor **Kåre Tønneson** tok fyre seg den franske revolusjonen og verknadene på nasjonalitetsspursmåli. I ordskiftet vart det peika på eit skilje millom den tyske og den franske nasjonaltanken. Den tyske byggjer på kulturhopehav um sams drag i folket og kann kallast «objektiv», medan den franske byggjer meir på ynskjet um å vera eit samhandlande folk/ein nasjon og vert meir «subjektiv». I Noreg finst båe tradisjonane.

Andre møtedagen, laurdag, innleidde sjefen for Europa-skulen i Brüssel, **Fleming Olesen,** um det som hev vorte kalla noko lettvint for europeisk identitet. Stortingsmann **Jan Petersen** (Høgre) tala etterpå sterkt for EF-tilslutnad. Den egyptiske 3-verdsøkonomen **Samir Amin** (frå FN) åtvara mot EF som han meinte kom til å verta ei ulukka mot resten av verdi. Hendingane i Aust-Europa meinte han skulde motsegja EF-utbyggjing, og han trudde Tyskland kom til å skipla jamvekti både i og utanfor EF. På sida av EF-ordskiftet stod innleidingi til **Vitalij Koslovskij** frå Universitetet i Minsk. Han tala um kviterussisk soga og kultur og um den kvitrussiske nasjonaliteten. Det hev vorte sagt av sume at tenkjemåtane i slike spursmål i aust fell noko framandslege for dei fleste hjå oss.

Tridje møtedagen, sundag, skulde **Rolf Theil Endresen** frå Språkleg Samling og **Jostein Krokvik,** bladstyrar i Vestmannen, innleida. Krokvik hadde fenge forfall, men innleidingi hans vart framlagd. Endresen ynskte ein streng målnormal med reine fleirtalsformer, og han var mykje usamd i målsynet til NMU. Ein ghanansk deltakar råka kanskje blink då han samanlikna den norske målstoda med eit digert mål-laboratorium.

Tilslutnaden på studentkonferansen hadde dubla seg sidan 1989. På det meste var det kring 80 frammøtte, og det tykkjer me er eit ageleg tal. Glimti ovanfor frå rådleggjingi er sers ufullkomne, og me bed lesarane merka seg at i målungdomsbladet **EG** og i tidsskriftet til målstudentane i Oslo, **Mål og Makt,** kjem innleidingar etter kvart på prent. Bladi kann tingast i Nordahl Brunsgata 22, 0165 Oslo 1.

Meldar

Hugs bladpengane

til Vestmannen

Bergslien-salen

Av Arne Horge

Korleis dei gjorde ferdi til Eidfjord i Hardanger, det veit eg ikkje. Det var i 1880, og det var målaren, teiknaren, bilethoggaren og spelemannen Nils Nilsen Bergslien frå Voss, det var målaren og bilethoggaren Axel Endre frå Asker-bygdi, og det var diktaren og målaren Holger Drachmann frå Danmark. Drachmann hadde byrja som marinemålar i ungdomen og sjølv um han etter kvart tok målingi mindre ålvorlegt, heldt han seg mykje i lag med biletkunstnarar livet ut. Og havet som motiv tok han vare på i diktingi si, saman med kvinna. Eg tek med eit dikt han skreiv mange år seinare, i 1904. Han levde til i 1908.

Alt, hvad der lever, maa dø -
hvad der blomstrer, gaa i Frø . . .
Romeo - Julia, Gretchen og Faust!
Kæreste, tvæt dine Hænder,
salv dine Skuldre og lysende Lænder
salv med dit Hjerteblod Hjertet, som brænder,
vent din Besøgelses Stund,
læg din Fløjte for Mund,
fyld med dens Kalden den lyttende Lund -
du ved, at der tidsnok blir tavst.

I 1880, på ferdi til Eidfjord, då var dei alle unge, og eg er viss på at dei tala um havet og kjærleiken, i alle fall ved det at Drachmann var med, og mange år seinare laga Nils Bergslien eit bilete nett um havet og kjærleiken då han prydde matsalen på «Vøringsfoss Hotel» i Eidfjord.

Undrande står eg framfyre biletet. - So stort det er! - Midt i biletet sit ei smellvakker havfrue på eit skjer. Ho er umgjevi av grønblåe hivande bylgjor, eit raudnande solefall til bakgrunn og med tunge kveldsskyer myrknande yver hovudet. Dei siste solstrålone spelar kring skjeret og kroppen hennar. Kor fin ei hud, kor runde faste brjost! Nils Bergslien har fylgd den kløkke kvinnemagen so langt ned at eg mest trur at eg lyt sjå atti kjønshåri. Men, nei. - Har målaren freista å gjera ferdafolk til lumre kikarar medan dei et og drikk? - Eg trur ikkje det. Den friske havblåsteren og den tirande låtten i kvinneandletet held biletet reint. Ho har blomekrans i håret, og halvvegas gøymer ho andletet attum handi, for gjenom bylgjone mot henne kjem ein nakjen, vakker ung mann med tangkrans i håret og horpe i hendene. Er dei Poseidons born båe tvo? Visseleg ho. Fyrst tenkjer eg at han òg høyrer til same slekti, at han er ein triton, var det kanhende ikkje ein triton som rodde båten åt Ulla Wiinblad i skjergarden utanfor Stockholm hjå svensken Bellmann? Men tritonen skal ha haihud og konkylie til å blåse i, og ikkje horpe og mjuk hud som denne. Og brått slær det ned i meg at Nils Bergslien har tenkt på diktaren og havelskaren Drachmann då han laga dette biletet. Drachmann er det som huskar seg i bylgjone og vil lokke den fagre til seg med horpespel og song, trur eg. - «Kæreste, tvæt dine Hænder, salv dine Skuldre og lysende Lænder . . .» - Og so har Bergslien lagt noko av sitt eige og heimlege i andletet på havfrua. Vore det ikkje for fiskesporden, hadde denne kvinna vore ei raudlet og frisk bygdagjente, eit godt gifte, og med tidi ei dugande kjering til å stelle hus og mann og ungar og kryter. Difor har eg ingi tru for at ho kjem til å gjeva etter for diktaren i dei grønblåe bylgjone.

Me kom yver Hardangerviddi. Kjeringi køyrde bilen. Det barst ned Måbødalen mot Eidfjord. Eg tenkte at denne dalen har me gjelda. Vøringfossen er tøymd og renn berre for syns skuld, og vegen fylgjer ikkje bergveggane etter prydelege murar, men har dundra seg hol med rå kraft. - «Sjå her», sa eg ved vêrfar, «her går ein veg til vinstre åt Hjølmodalen. Kanhende er lendet der som det skal vera.» - Og kjeringi er ikkje skuggeredd attum rattet, ho køyrde oss heilt upp på Hjølmoberget etter ein veg som var berre eit naudsynt far millom fossar og grøne bjørkjelider, villblomar og blåe bergsidor og sauebønder med stav i hand. Me steig or og høyrde vassoget i lufti, og gjemen av alle vokstrane flaut inn gjenom nasen og fylte hovudet. Me fann skogstjerne, skrubbær og stjernesildre. Dei blømer her i grøne lauvlidene når det er berre flekatåe og vårisen ligg bålgrå på vatni innpå Viddi.

Til «Vøringsfoss Hotel» i Eidfjord for å sjå Bergslien-salen vilde me. Jauvisst skulde me få sjå so svintast, men sitja ned med mat og drykk, det var mot husreglane ved dette leitet, sa ho den lytefrie stivt smilande dama ved disken. Ho synte oss tvert til ei matstove som nyleg var sett innåt hotellet. Men me var ikkje komne for maskinell eting millom kaldblanke røyr og plastikk og krullute dukar og trakkande folk som berre hadde det i hovudet um dei nådde ferja millom Brimnes og

Til side 8

Bergslien-salen

Frå side 7

Bruravik. Me skulde sjå Bergslien-salen me, skrive og eta i ro og mak. Til slutt gav ho seg, og me fekk sitja i ein luftig nybygd matsal innåt Bergslien-salen, glytte inn på bileti, og me fekk entrecôte og is og kaffi med kakor, og både mat og drykk var veltillaga og finsmakande, og gjentone som bar han fram var blide og snugne. Jau, det er hyggjeleg på «Vøringfoss Hotel» når ein berre smett framum gygri ved inngonga.

★

Bergslien-salen med høge glas ut mot fjorden. Eit ljost og mesta høgtideleg rom, og under glasi eit altarliknande tvihøgda bord med kvite dukar til å setja mat på. Havfrue-biletet er noko heilt for seg sjølv, berre kvinneandletet høyrer bygdi til. Tvo andre figurbilete gjev atte det same andletet, men i dei båe spelar folkelivet sterkt med, men ikkje heilt ut. På det eine er gjenta i hardingbunad. Ungguten held handi hennar, og han har ein neverlur i ei snor på ryggen. Han har knebrok og kvite hosor og er ingen vanleg gjætslegut, kanhende heller skogguden Pan i norsk fullsumar, og ho kan vera ei nymfe. Samstundes er ho so byrg yver seg sjølv i hardingkledi sine at eg trur ein skarve halvvekstring kom til å verta sitjande atte åleine i skogen med luren sin dersom det vart ålvor. Ho ynskjer nok å verta gardkjering radt ho. - I det siste figurbiletet er kvinna rykt endå nærare den dampande jordi, og lauvet og graset og blekkjone er myrkegrøne for ho har ein slags langeleik med gapande drakehovud i fanget, og draken gapar uppyver og skræmer himmelen og dagsljoset ut or biletromet. Eg trur ikkje det er huldri, for ho har langt ljost hår og rove ser eg ikkje. Ho er trygg på seg sjølv, ei frisk og fager ljoskjelde, brjostvortone ter gjenom kjolen. Og fram mot henne hoppar ein glinsande svartblank orrhane med kløyvd stjert og raud strek yver auga som rett er. Han vil hava henne! Det er Zevs, og han meiner at ho er Leda, men der forfer han seg stygt. Orren vert nok neppe far åt nokor ny Helena eller endå ein Polydeukes. Når det lid i herdingi vil ho hava ein mann med jord og skog denne gjenta òg.

På veggen attast i salen har Bergslien måla tre landskapsbilete. Det største, det i midten, er eit høgfjellsbilete, det er Hardangerviddi med lange rolege linor, snjøflekkar og reinsdyr. I fargebruken fær målaren fram det kalde draget frå snjøen, og dimed sopar han alle søtlege tankar ut or biletet og gjev det reisning. Skyene sigler på ein bleikblå himmel, reinsbukken har eingong vore kalv, åskodaren ser ikkje ein idyll, men ein augneblink av æva.

Fjellbekkar samlar seg til elvar og styrmer ned i dalar og lagar høge fossar. Dette er sjølve varemerkjet for vestlandsnaturen, og det hadde vore galskap av Bergslien ikkje å taka med fossen. Han har teke med tvo for å vera heilt trygg, laga høge smale bilete på kvar side av det lange viddebiletet. Storfelt! Men ogso no evnar kunstnaren å gå vidare. Serleg i det eine set han fargane mot kvarandre slik at me ser ei spaning ut yver den brusande fossen, frå det urolegt kvite til det steintungt svarte. Bergslien har freista å gjeva fossebileti ein abstrakt storleik, og han har til dels lukkast.

I den gamle matsalen på «Vøringfoss Hotel» har Nils Bergslien gjeve vanlege ferdafolk det som dei vinn å få med seg millom kvar skeifull, det er bunader og kjærleik og fossar og fjell. Me kan kjenne dåmen av drakestilen ved hundradårsskiftet. Samstundes har han hatt moro av å gøyma forteljingar i figurbileti, t.d. Leda og svana vert til Kari og orrhanen. Pili peikar mot det heimlege, men det heimlege lèt seg ikkje selja. Og til slutt har kunstnaren lyfta fargebruken til å gjeva åskodaren meire enn ein augneblink av attkjenning. Eg trur Nils Bergslien lyt ha vore av det slaget som likte motstanden når billeg tidtrøyte skulde gjevast eit høgare mål.

★

Den nye inngonga på «Vøringfoss Hotel» er vend mot landjordi og bilvegen. Eg fann den gamle utdøri på hi sida, so ned ei steintropp, grusgangar og flagstong framfyre den kvite bygnaden i tre høgder med helletak og utskot, det lyt taka seg staselegt ut for den som kjem siglande inn fjorden. Og endå meire sprang det vel i augo den gongen i 1880, dersom Drachmann, Endre og Bergslien kom med båt, og dersom hotellet var bygt den gongen. Det er so mykje eg ikkje veit, gode lesar, og det bed eg um orsaking for. *Arne Horge*

Ut med nynorsken?

Av Toralv Bergwitz

Når sjølvaste rektor ved universitetet i Oslo - det største og eldste universitetet i landet - gjeng i bresjen for å avskaffe undervisningi i eit av dei offisielle skriftmåli våre, so må det reknast for ei storhende i norsk språkpolitikk.

Det er òg verd å merkja seg argumentet for å kutte ut det eine skriftmålet - DET SKAL STYRKJE SPRÅKSANSEN!

Det er og verd å merkje seg at det ikkje er nemnt - og truleg heller ikkje **tenkt** på - å kutte ut undervisning i noko anna språk - engelsk, tysk eller fransk - som og krev undervisningstimar - og som kunde vore nytta til vel tiltrengd morsmålsundervisning.

Det er heller ikkje nemnt - eller tenkt på(?) - å kutte ut eventuelle andre fag i skulen for å styrkje undervisning i vårt eige tungemål. Fag som matematikk, fysikk, kjemi, historie eller geografi er fag som berre spesialistar hev reelt bruk for, og som lett kann lærast kva tid som helst i livet - den dagen ein hev bruk for det, eller den dagen ein er motivert for å lære det. Men desse fagi er ikkje tenkt på å redusere for å styrkje undervisningi i det som kvar og ein hev bruk for kvar einaste dag - og kvar time på dagen - gjenom heile livet -morsmålet.

Eit spursmål renn oss i hugen når me høyrer rektoren ved vår høgaste læreinstitusjon taka til orde for å kutte ut undervisningi i nynorsk: Kva slags haldning til vårt eige folks tungemål er det rektoren gjerer seg til talsmann for? Er det å undrast at ei haldning som ein sovoren ressursperson gjeng ut med lett breider seg til både høg og låg? Kann me venta anna enn at tendensen til å vanakte vårt eige nedervde tungemål et um seg når slike ressurspersonar gjeng i brodden?

Det er vel ingen løyndom at denne vanakting av det skriftmålet som ved ei arbeidsulukke fekk namnet «nynorsk» er trengt igjenom i heile skuleverket - og berre det faktum at det finst ei heller liti gruppe menneskje som hev gjort det til sitt formål å verne um dette skriftmålet - er årsaki til at det enno finst att i skulen. Vanaktingi hev vore systematisk og vel gjenomtenkt av ei heller megtig og ressurssterk gruppe menneskje her i landet. I tillegg kjem

so det at me hadde den historiske nedgangstidi som folket måtte gjenomleva - og som gav måltynarane ein «flying start».

Det hev alltid vore so at dei små og serleg dei middels store gjerne vil likjest dei store - som dei og gjerne vil tene. Me ser det klårt i dagens samfunn - der folk frå ymse kantar av landet - merkjer seg ut med å vilja likjest dei store på Oslo Vestkant eller på Øvre Singsaker. Det skurrar so det kvin i øyro på ein med nokolunde målkjensle att, når folk med eit elles godt målføre gjev seg til å tala austlending - ein slags Oslo vestkant - noko som dei med rette kallar «bokmål». Nemningi «Bokmål» er midt i blinken for sovoren tale - for det høyrest ut som det vert tala beint frå ei bok. Det vert ein keitut og kunstig tale - det me kallar knot - og som for få år sidan var noko ein med vyrdnad for seg sjølv helst burde halde seg for god til å innlate seg på. Idag tykkjest fleir og fleir tru at det er gjævt å leggje av seg sitt heimlege talemål - og tala «fint». Det er ei pine å høyre på slik bokleg tale - ikkje minst fordi det er so klårt kjennemerkje på at vedkomande ringeaktar sitt eige talemål - og dermed seg sjølv.

Noko av årsaki ligg og i at ressurssterke austlendingar - som trur at austlandsmålet er det einaste rette og brukande målføret her i landet - dei segjer stendigt at dei ikkje skynar andre målføre - og me snilde landsens folk må berre rette oss etter det - og leggje um. Me må knote for at dei som ikkje skynar norsk talemål skal uppfatte kva me segjer. Og det er slett ikkje berre vestlendingar eller nordlendingar som ringeaktar sitt eige talemål på dette viset. Ikkje so reint fåe av austlendingane sjølve legg av sitt eige målføre og legg vinn på å tala «fint» - d.v.s. serleg å leggje av sine naturlege a-endingar - og leggje seg til et- og en-endingar. Slikt hev sjølvsagt ingen ting med å gjera seg betre skynleg - forståeleg - det er eine og åleine ein freistnad på å etterlikna dei som er uppfatta som «dei fine» - med andre ord - ei klår ringeakting av seg sjølv og sitt eige upphav. Å vera seg sjølv - og å tala sitt naturlege morsmål - er ikkje fint nok.

Det finst neppe eit folk på jordi som so gjenomført - systematisk - gjenom tiår - hev ringeakta sitt eige folks nedervde tungemål - som me nordmenn. Det skal vel og leitast lenge i andre kulturar for å finne folk - jamvel velutdana folk - som briskar seg av å ikkje skyne sitt eige folks tungemål - slik som me ofte ser og høyrer her i landet.

Denne velorganiserte ringeakti førde med seg at målvernarane kom på defensiven. Etter at Stortinget i 1938 hadde vedtekje eit sokalla tilnærmingsprogram for dei tvo offisielle skriftmåli -det som var kalla noregsdansk eller «riksmål» og det som hadde fengje namnet nynorsk - var grunnen lagd for ei umlaging av nynorsknormalen - so han kom til å likne meir og meir på det som majoriteten skriv - bokmålet - det som tidlegare og hadde vore kalla «Det almindelige Bogsprog».

Ringeakti breidde seg inn i høgborgi for nynorsken. Programmet som styremagti hadde lagt upp til i 1938 fekk studnad av Noregs Mållag på årsmøtet i 1966. Då vedtok laget å støtte ei nærare «tilnærming» - som fekk si neste utforming i Læreboknormalen av 1959.

Seinare hev det gjenge slag i slag med å umforme nynorsken til å likne endå meir på bokmålet. Bokmålet derimot hev fjerna seg frå det som upphaveleg var planen - å taka upp visse aendingar i hokynsord. Det er i dag mest eit sersyn å sjå «boka» og «gata» på prent - det er «boken» og «gaten» som er det vanlege - og som syner for all verdi upphavet til skriftmålet.

Det at det på død og liv skal stikkast under stol at bokmålet hev sitt upphav frå eit framandt - um enn nærskyldt - målsamfunn - det er og ei sernorsk ovring i global samanheng. I Belgia talar dei fransk og flamsk, i Finland talar dei svensk utanum finsk, og i heile Sud-Amerika talar dei anten spansk eller portugisisk. Dei hev ikkje sett nytt namn på måli. Tungemåli berer sine rette namn. Jamvel storfolket på jordi - folket i Sambandstatane - dei som kallar seg sjølve «amerikanarar» - endå dei bur i berre ein liten part av Amerika - dei veit inderleg vel at det språket dei talar er det engelske språket. Rett nok talar dei sumtid um «amerikansk» men då berre for å skilja det frå den engelsken som dei talar - eller skriv i England. Ingen freistar løyne kva for eit tungemål dei skriv eller talar. Det er det berre me nordmenn som gjerer.

På det viset driv me ei gjenomført folkenarring som gjeng i arv frå ættled til ættled - slik at folk som er uppflaska med noregsdansken uppfattar nynorsken som noko framandt - og talar um «norsk» og «nynorsk» som nemning på dei offisielle skriftmåli våre. Dette er ikkje uvanlege nemningsmåtar jamvel frå lærarar i skulen.

Ringeakt av det norske skriftmålet - som Ivar Aasen so meistarleg lagde grunnen til - fekk si sterkaste ovring den dagen Stortinget vedtok tilnærmingsprogrammet. For kven kan hava vyrdnad for noko som ingen veit kva er? Eit skriftmål på rek-som heile tidi skal gjenomgå umskifte på umskifte, hev ingen fyresetnad for å kunne leva. Det er dessutan programfest at det ikkje skal leva!

Rett nok kom det med ein pasus um at umlagingi - dvs. tilnærmingi - skulde gå føre seg «på norsk folkemåls grunn». Men denne pasusen er sjølvsagt ikkje verd det papiret som han er skriven på. For all tale - ogso den som me ervde frå våre tidlegare magthavarar -danskane - og elles - både tyske og engelske ord som trengjer seg inn i talemålet - skal reknast for «norsk folkemåls grunn». Dvs. det finst visse undantak. Ei rekkje sernorske ord og segjemåtar - og serleg skrivemåtar - slike som hev fengje karakteristikken «arkaisk» - slik som det målet dette innlegget er skrivi på - **det** er ikkje rekna med under «norsk folkemåls grunn». Dette målet er difor - i praksis - forbode å nytte i norsk skule i dag! Målet til Arne Garborg, Åsmund Olavson Vinje, Jens Tvedt og Ivar Aasen er ikkje lovleg å nytta i norsk skule i dag. Soleis er det me tyder «norsk folkemåls grunn».

Det må òg vera tindrande klårt (eller «klinkende klart» som no er so i skotet å segja) - at når me hev tvo skriftmål som er like mykje norske i ætt og upphav - som no er sagt so mange gongjer - og av so store forståsegpåarar - at det **må** vera sant - so kann det umogleg vera nokor meining i å halde ved lag båe måli. Og når det er so at **alle** skynar og kann skrive bokmålet - eller i alle høve vil koma til å lære å skrive det - når me berre kvittar oss med nynorsken - so er det heilt logisk som universitetsrektor segjer: Kutt ut nynorsken! Me greider oss mykje betre utan.

Med ei haldning til vår eigen nedervde kultur som kjem til ovring gjenom ringeakt av vårt eige tungemål, er det vel ikkje underleg at me og hev ein tendens til å ringeakte andre kulturar -serleg når dei kjem påtrengjande nær -so som med våre nye landsmenn - innvandrarane - ikkje minst dei frå sudaust og frå Afrika.

Det er gjerne slik at den som ikkje hev vyrdnad for seg sjølv og sitt eige,

Til side 12

Hektor og Andromake

Or «Tuftekallen»

Av Eigil Lehmann

Påskehelg.

Fyrst litt um namnet. I pressa og i fjerrmål høyrer me no nemningi «i påska» bådi på norsk og på norsk-dansk. Dette er ein villvokster, eit falskt hokynsord. Ordet er eit hankynsord «påskje, i påskahelgjæ». Ordlaget «i påska» er rett der dei nyttar dativ i målet, like eins som «i haga, i maga», men desse formerne er nett hankynsformer og ikkje hokyn. Endå eit umkverve der folket «i myrker gjeng, vinglande villt millom graver».

Elles so er det tankevekkjande at ordet påske, «pascha» er eit jødiskt og fyrekristelegt ord, og eit minne som Jesus sette punktum for med påskamålet skirtorsdagen. «Til minne um meg heretter». Eit påbod som kristendomen slett ikkje hev halde seg etter, men heile tidi hev drive ei vill samrøring av det Jesus vilde og gjorde, med den gamle høgtidi med offer og syndesoning etter beste heidenske mynster, kongsmakt og hermakt som høgmål. Då Jesus av-viste dette, sette læresveinarne hans voni til at han skulde koma att, og fullføra det som, etter deira meining, hadde mislukkast i hans kjøts dagar, eit makt-rike, eit diktatur som all verdi skulde falla til fota fyre. Nett likt på jødarne i dag som er. Ikkje det som profetarne såg fyre seg, ei åndeleg nyføding, utrenning av heilag ande. Det er vondt å fylgja med i koss denne samrøringi hev gjenomsyrt jamvel gudstenesterituali og vedkjenningi hjå oss.

Det er eit færøyskt kvæde som hev lydt for øyro mine gjenom heile denne helgi, rett nog umsett frå tysk, men det er på færøysk eg hev vorte kjend med det. Det handlar ikkje um Jesus men det kunde ha gjort det. For det segjer tingen. Det er diktet «Hektor og Andromaka» umsett av J. H. O. Djurhuus etter Schiller. Her er nytta ordi «Orkos» og «Tararos» um helheimen,/«Lethe» «Pergamos» um Troja um gløymske-elvi på yverferdi til helheimen. Eg skal lesa det upp i umsetjing:

Andromake:

Er no, Hektor, komi avskilsstundi,
hastar du frå meg til feigdarfundi
der Akillevs bryner hemnarstål,
kvar skal son din unge då få læra
spjot å slyngja, høge gudar æra
når i Orkos-toka kverv ditt mål?

Hektor:

Vivet mitt. lat sorg og suter tagna!
Dette våpenskiftet veld ein lågnad,
desse armar verja Priamos;
um av blodet mitt skal vollen fargast,
skal då land og fedregudar bjergast,
skulde eg då ottast Tartaros?

Andromake:

Tagnar glam og stilnar våpen-suset
tegja sverdi når i tome huset
tynest Priams stolte drengja-léd.
Dú fer dit som støtt mun råda næter
oc Kokytos gjenom øyda græter
og din kjærleik døyr i Lethe med!

Hektor:

Kvar ei trå og kvar den saknad såre
sökkjer i Lethe's kyrre bára,
men min dyre kjærleik ei;
höyr, av ville her-rop rister borgi,
hitt meg sverdet på, lat fara sorgi!
Hektors kjærleik döyr i Lethe ei ! - -

Orkos, Tartaros = Helheimen
Priam, Priamos = konge i Troja, far til Hektor
Lethe ("gløymska") = Helflodi
Kokytos = "yla", helheims-eàv

Frå færöysk etter J. H. O. Djurhuus,
etter fyrelag av Schiller

Anna med di - eitt vers til, ikkje med dei nyaste, men det skulde høva med dagen:

Ei æra

Han ringdi meg, Conrad Clausen
eg kennir daó rétt sum ei æra -
d'er landió og sogó sum kallar meg -
daó kann ikki líkari vera

21.2.1985
Eigil Lehmann

Toralv Bergwitz:

Språklege unotar

«Kaste vrak på».

Det er ustyrteleg mykje me «kastar vrak på» i dagens tale og i media. Tenk det - **kaste vrak på!**

Kva er so eit vrak? - skipsvrak? eller bilvrak? eller anna vrak? Å kasta slikt på nokon, er ingi fin handling.

Utruleg at me kann nytte slike segjemåtar når me hev eit so godt og dekkjande ord som å «vraka». Men det tykkjest me ha **vraka.**

«Nedrusting».

Kva er det som rustar ned? Bilar og stålskip hev ein tendens til å ruste. Og vert det reint ille so «rustar dei ned». Men i den seinare tid so er det noko anna au som «rustar ned» - og det er -takk og lov for det - det er stormagtine. Dei hev tekje til med «nedrusting».

For dei som enno ikkje veit det - so er dette det nye norske ordet for «nedvæpning». Som me veit so heitte det i bokmålet - eller det som sume enno yndar å kalla «riksmålet» - «skrivning», «lesning», «limning» o.d. - og i vår iver etter å gjera norsk mål so likt «riksmålet» som råd, so skifter me ut det «arkaiske» ordet «nedvæpning» med «nedrusting» - ved samtidig å gjera det norsk. Og då er det berre å kutte ut ein «n». Horkus porkus filiorkus -so er ordet NORSK, «NEDRUSTING» - Eit ord som soleis hev fengje tvityding.

«Han hang hatten på knaggen».

Er det noko gale med det au? Nei, på ingen måte - det er heilt i samsvar med bokmålsrettskriving. Og det er det me kallar «moderne» segjemåte. «Han **slang** jakka på stolen», «han strakk seg for å nå opp», «han **slapp** fuglen or buret», «han **knakk** stokken av i sinne» «ho brann (eller brente) seg på handa» - er fullgode ordleggjingsmåte i dag. Men i vanleg norsk talemål -jamvel for mange i dagens samfunn -so skil me millom aktive og passive gjerningsord. «Han **hengte** hatten på knaggen», «han slengte jakka», «han **strekte** seg», «han knekte stokken», «ho brende seg», og passiv - «hatten hang på knaggen», «ho brann» er noko mykje meir dramatisk enn at ho brende seg. At me tyner ut avbrigderikdomen i målet tykkjest ikkje uroe dei andsvarlege. Er det eit visst formål med denne «forenkling»? Er det for at skuleborn skal få færre raude strekar i stilen sin? Ja, kven veit?

«Avkrefte» eller «avsanne»?

Når me skal segja frå at noko ikkje er sant so hev me gjort det til vane å «avkrefte». Underleg at dette ordet skal vera so mykje gjævare enn «avsanne» - som i røyndi er det ein vil ha sagt.

Det er vel rimeleg at «avkrefte» kjem istaden for «avsanne» so lenge det heiter «bekrefte» for «sanne».

«Det måtte ha heldt seg uppe i lufta. .»

Me skal helst ikkje hengje ut nokon serskilt, men det var vel rimeleg at dei som gjeng ut med undervisning til andre heldt seg sjølve so nokonlunde stovereine, Det er sjeldsynt å høyre ei sovori ordlegging som «måtte ha **heldt** seg uppe. .», men både det og ymse anna er funne i ei nynorskavis som gjer krav på å kunne vise veg i god målføring.

«Mindre, færre, smærre».

«Det er mindre eple i år». Er det **færre** eple eller er det meir småeple det er tale um? «Færre» er enno ålgjengt, men **«smærre»** er ved å døy ut. Er det noko å gjera ved det? Vil språkrådet gjera noko med det?

«Innbygger - innbyggjar».

Det er mange år sidan Eivind Vågslid viste veg ut or meiningsløysa «innbyggjar». Ein innbyggjar må vera ein som byggjer seg inn i noko. Når meiningi er ein som **bur** i eit avgrensa område - ein by, ei bygd eller i eit land so er det underleg at ordet **ibuar** ikkje hev slegje igjenom.

«Presten sin kone sin sykkel si klokke»

At det er tale um ringeklokka på sykkelen åt prestefruva, det er truleg mogleg å skyne. Men at

Til side 12

Berlin-muren og Språkrådet

Autoritære tvangsvelde brotnar i hop. Grensesperror hev falle, og Berlin-muren er sundhoggen. Nasjonalt mangfelde er på frammarsj, og sentralisera makt må vika for folkelege rettferdskrav.

Midt i denne frigjeringsofsen vaktar fleirtalet av nynorskgreini i Norsk Språkråd framleis svartsjukt på dei offentlege skriftmålsforbodi mot tradisjonell norsk. Å sjå til avstengde frå resten av verdi. Når skal ein glimt av sjølvkritisk ettertanke nå denne sernorske målteknokratiske plaskedammen?

Jarl

Um j-ljod i færøysk rettskriving

Av Eigil Lehmann

Då presten Hammershaimb sette upp rettskrivingi for færøysk, lagde han skriftformi so nær upp til den islendske som råd var. Målet hev greidt seg godt med denne formi til i dag, og ho hev mest ikkje vore brigda etter hans tid. Det var synd at ikkje Ivar Aasen gjekk same vegen med vårt mål. Serskilt er det meinlegt at han ikkje fylgde dette mynsteret i vokalskriving etter G og K, so vokalen kunde ha rettleidt um kva tid desse bokstavarne skulde lesast med j-framburd (palatalt). I staden fylgde han eit danskt mynster frå den tidi, kring 1850, som let j-framburden gjelda framfyre vokalarne i, y og tviljodi ei, øy, men ikkje fyre, e, æ og ø. Altso «kinn, kyssa, geit, gøyma» med j-framburd, men «kjenna, kjæla, kjøva» med j-skriving. Dette bryt med det naturlege ljodsambandet i norskt mål, der j-framburden er like sjølvsagt her som fyre i, y, ei, øy. Denne skrivemåten er sidan frågjengen i dansk, og er no ikkje i bruk utanfor vårt land.

Færøymålet tok ikkje upp denne mis-skrivingi. Elles er tilhøvet der eit anna enn hjå oss, for der er det berre e, i og y som er palatale, altso «kenna, kinn, kyssa» å lesa som «tjenna, tjinn, tjissa». Til dette kjem tviljodet «ey» etter gamal «au», «keypa» vert lese «tjeipa». Vokalarne æ, ø og tviljodi ei, oy er ikkje palatale i færøymål. «kær, køva, geit, goyma» les dei soleis, utan j-ljod, «kear, køeva, gait, goima». Her kjem då ein skeivleik inn med skrivemåten «ei» for «ai», soleis at «e» er palatale men «ei» ikkje. Det hadde vore større konsekvens i her å skriva «ai», altso «gait, kaikur». Det hadde skilt seg ut frå islendsk og norsk. Langvokalarne i og ý, som vert lesne «uj», er heller ikkje palatale, «kina, kýta» vert lesne «kujna, kujta».

Ein serskild vanske med færøysk er at lange ljod ofte hev ein serskild kvass framburd med tillegg av «dj» eller «gv», so g.n. «nýr» lydest som «nuddjúr» og «skór» som «skæggvur». Her hjelper skriftmålet seg med einslags ljod-skriving, «nýggjur, skógvur». Det skiplar grunnverket i slike ord og tyngjer dei med mange bokstavar. Her hadde det vore ein stor lette å nytta eit serskilt teikn yver ljodet, som i ord som «nŷur, «skôur». Det hadde spart skriftmålet for mange bokstavar og gjort ordi meir kjennelege.

Gild lesnad i vintermyrkret

Jostein Krokvik

DET GÅTEFULLE TÅRNHUSET

Ei frisk og velforma forteljing for unge lesarar med sans for måneskin, mystikk og spaning.

I band kr 108,-

NORSK BOKREIDINGSLAG

Boks 2672 - 5026 Mohlenpris

Forvitneleg um namn

Namn og nemne heiter tidsskriftet til Norsk namnlelag. Redaktørar er Ole-Jørgen Johannessen og Oddvar Nes ved Universitetet i Bergen.

Nr. 6 kom no på vårparten, og i samanheng med den nye namnelovi hev Oddmund Løkensgard Hoel ei utgreiding um normering av stadnamn. Framleis er ordi til Gustav Indrebø frå 1932 råkande: «Striden um namneverket er ei side av den ålmenne målstriden her i landet. Hovud-fronten i dag er dialekt mot nynorsk.»

Det hev vorte slik at riksmålsstridsmenn og målførestridsmenn gjerne gjeng saman um lokale, talemålsnære skriftformer for stadnamn. På kvar sine premissar vil båe gruppone motverka den tilnærma nasjonale einskapen i stadnamnnormeringi, som ligg i å ha reglane i det norskrøtte skriftmålet til rettleidande hovudnorm. Som Indrebø skreiv so smått speande um den uvanlege umsuti til Riksmålsforbundet for norske målføre: «Dialektane hev vorte gjæve.»

Me finn kring eit dusin utgreidingar i tidsskriftet, både um stadnamn og personnamn. Eira Søderholm skriv um finske eigedomsnamn i Alta, visseleg eit lite kjent emne for mange som les Vestmannen, og ho dreg m.a. fram den vaklande skrivemåten for desse namni. Ho meiner namni bør fylgja vanleg finske skrivereglar, og ho vonar finsk må godkjennast som eit mindretalsmål i Noreg.

Ole-Jørgen Johannessen greider ut um helgennamn på norske kyrkjesokner i millomalderen. Han finn ikkje mange slike namn i materialet, berre elleve. Og heile sju av desse elleve ligg på Sunnmøre og i Romsdal. Resten er sameleis frå Vestlandet, so nær som eitt som er frå Rendalen. Soknene er i desse elleve tilfelli namna etter det heilagmennet som kyrkja er tilvigd, og det mest uvanlege namnet er vel **Jatmundar kirkiu sokn i Vaniflis skipreido** (Vanylven), nemnt på eit diplom i 1403.

Oddvar Nes skriv um **Matre**, eit namn som tidlegare gjerne hev vorte sett i samband med mat, t.d. um fjorden, **fiskerik**. Nes vil heller knyta namnet til **fuktsam, våt**, med grunnlag i eit tenkt gamalt germansk ord **matr**, som kanskje hev å gjera med den tenkte indoeuropeisk roti **mad- = våt, drypande.**

I det heile møter me i mange utgreidingar rett ofte namnetolkingar røtte i tenkte ord som longe er gløymde og burte.

Tilhugen til namnegransking hev vore stigande, og folk med ans for emnet finn fengslande lesnad i **Namn og nemne.** Tilskrifti er Nordisk institutt, Sydnesplass 9, 5007 Bergen. Mykje meir av innhaldet i nr. 6 kunde godt ha vore nemnt, um plassen i Vestmannen var større.

J. Kr.

Bodskap

Snaak Frasch ma me! - snakk nordfrisisk med meg - les me på dette nordfrisiske knappemerket, um ikkje heller jakkemerket.

Den frisiske bodskapen er klår, tykkjer me. Klårare enn mållagsbodskapen **snakk dialekt** der me saknar ordet **norsk - snakk norsk dialekt.**

God og rimeleg mat
får du på
Kaffistova til Ervingen
Torgegaarden, Strandkaien 2, 5000 Bergen

BUNADSØLV – POKALER – PREMIER
Vi har gaver for alle anledninger
magnus aase A/s
gullsmed
Strandkaien 6 — Telefon *32 01 60

ISSN 0800-8647

Språklege unotar

Frå side 10

det skal vera so gjævt med denne garpegenitiven, det er vanskeleg å skyne.

I sume norske målføre tyder ein «Garpar» - ein storskrytar - og vart nytta som vednamn på tyskarane i Bergen i Hanseattidi - og truleg av same årsak, fortel Store Norske leksikon -som hev henta sin kunnskap frå Norsk Målsoga av Gustav Indrebø. Garpegenitiven kom til syne i talemålet i og ikring Bergen på 1500-talet - m.a.o. i hanseattidi. Denne genitivformi hev haldi seg i den vestlege delen av landet og i ein viss mun i Nordnoreg (der dei truleg fekk han etter påverknad frå Bergen), men etter påverknad frå supernorske reportarar i radio og fjernsyn er denne genitivformen breidd seg som anna ugras til store luter av landet. At garpegenitiven skal vera so mykje gjævare enn «s» - genitiven, er difor ei stor misstyding. Men best er det oftast med ei umskriving som vist ovanfor.

«Talskvinne».

«Talskvinne», «forkvinne» og «varakvinne» ser ut til å ha spela ut rolla si. Det er snart berre NRK og departementi som nyttar desse heimløysur no. Og godt er det at kvinnor ikkje lenger kjenner noko skåm i å vera **talsmann, tillitsmann** eller **stortingsmenn** eller fylkesmenn.

«Mange folk».

«Kor mange folk er samla her i dag?» Er det femti eller er det seksti **folk?**

Det finst nokre ord som er det dei på engelsk kallar «uncountable» dvs. ikkje teljande. Ordet folk er - som me veit teljande når det gjeld **folkegruppur** - so som det norske, det danske og det svenske folk. Då kann me tala um tri folk. Men det er ingen som talar um at det er femti eller seksti **folk** samla i ein sal eller møterom eller i demonstrasjonstog. Då talar me berre um menneskje, so og so mange mann, eller personar. Det å tala um **mange folk** i tydingi mange menneskje er soleis ei språkleg heimløyse. Trass i det ser me stendigt at ordlaget er nytta, men berre i samband med eit eigenskapsord. Me høyrer ofte tale um so og so mange **politifolk, brannfolk, tillitsfok, varafolk, o.d.**

At det er otten for å støyte kvinna som er årsaki til desse nye nemningane, er ingen løyndom. Det er truleg difor kvinna sjølv som må hjelpe til med å få att dei rette nemningane for slike ord. Me talar um **mykje** folk, men **mange** menneskje.

«Becquerel».

Etter Tsjernobylulukka fekk me ordet becquerel, men det var dei færraste som skyna tydingi av ordet. Folk - både i media og på gata - tala um kor mykje becquerel det var i reinsdyrkjøtet dvs. at becquerel er ei mæleeining til liks med meter, gram eller liter, det tykkjest ikkje vera uppfata. Når me talar um kor mange **gram,** so ventar me å høyra kva det er tale um - sukker, salt eller arsenikk. At det var tale um ein viss mengde adioaktivitet mælt i becquerel det tykkjest ikkje vera uppfata av mange som nytta ordet.

Ut med nynorsken?

Frå side 9

ikkje hev fyresetnad til å syne vyrdnad for andre. Folk som er i harmoni med seg sjølv, hev ingen trong til å nedvurdere, ringeakte, eller å trakkasere andre.

Kva tid skal me få augo upp for det verdfulle me misser ved å vraka vårt eige nedervde tungemål?

Folket i Israel tok i bruk sitt tvo tusund år gamle utdøydde hebraiske tungemål til sitt offisielle skrift- og talemål i den nye staten. Me hev enno levande talemål i mange bygder kringum i landet - som er i samsvar med det som Ivar Aasen fann. Og Ivar Aasen greidde det som ingen målgranskar i noko land - korkje fyrr eller seinare hev greidd. Han fann fram til eit system i skriftmålet som samsvarar med praktisk talt kvart einaste norske målføre i heile landet. Dette systemet er vraka eller ofra på tilnærmingsaltaret.

Og kann me ikkje taka i bruk att dette målet, so varer det truleg ikkje lenge fyrr me hev berre eitt skriftmål her i landet - og det er bokmålet i den form me ser det i massemedia i dag. Då fær universitetsrektoren det som han vil - utan å provosere. Eit høvelegt namn på det målet måtte då vera NYNORSK.

Din lokale storbank
FOKUS Bank